



4. dagsfesten vert skipa til i Vonheim av Haugland- og Musland Grendalag.

I åra etter krigen og 50 år framover hadde Uskedalen heile sju julefestar, alle i jule- og romjulsveka. Tradisjonane er i endring. I dag kan vi snakka om to julefestar. I tillegg kjem avslutningar og temaveke på skulen, i barnehagen, i Kulturskulen og i organisasjonane. I denne veka er det lagt opp til 4. dagsfest i Vonheim og 5. dagsfest på Bedehuset.



Uskedal Musikklag er ein fast gjest på julefesten i Vonheim.

La oss ta dei sju julefestane i kronologisk rekkjefylgje:

1. Det heile starta Uskeal Fråhaldslag og Ljosje Uskedølen sin julefest 2. juledag på Bedehuset. Det var ein populær fest som samia folk frå mange bygder
2. Uskedal skule hadde sin barnefest 3. dag, anten i Helgheim eller på Bedehuset
3. Barnefesten for Haugland krins var den same dagen. Denne festen var i Vonheim. På begge desse festane hadde elevane saman med lærarane øvd inn program. Framføringane var for mange fyrste gongen ein stod fram på scenen med opplesing, sketsjar og tablå
4. Haugland- og Musland Grendalag hadde sin julefest 4. juledag i Vonheim. Dette er ein av dei to julefestane i dag som held fram som før
5. Uskedal Ungdomslag kom så med sin 5. dagsfest i Helgheim. Det var lenge ein stor og gild fest, fram til det dabba av kring år 2000
6. Uskedal Indremisjon kom så me sin julefest i Bedehuset 1. nyttårdag, også ein fest som har overlevd skriftande tider, men som ligg er lagt til 5. juledag
7. Til slutt må vi ta med at det nokre år var ein barnefest i Vonheim. Uskedal Helselag hadde også ei tid sin eigen julefest.

Hugs difor dei to julefestane i denne veka

Laurdag 28. desember, 4. juledag kl. 19.30 i Vonheim

Sundag 29. desember, 5. juledag kl. 16.00 på Bedehuset.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto



Julefesten på Bedehuset er 5. juledag, kl. 16.00